

DELEGERINGSREGLEMENT

FOR

TOKKE KOMMUNE



Kommunestyreperioden 2020 - 2024

Revidert av Tokke kommunestyre i sak 71/22 den 29.09.22

INNHALD

Kapittel 1.	Generelle føresegner om delegera avgjerdspekt.....	s 2
Kapittel 2.	Kommunestyret si avgjerdspekt.....	s 4
Kapittel 3.	Delegering til Formannskapet.....	s 6
Kapittel 4.	Delegering til Administrasjonsutvalet.....	s 7
Kapittel 5.	Delegering til Oppvekst-, kultur og idrettsutvalet.....	s 8
Kapittel 6.	Delegering til Helse- og sosialutvalet	s 9
Kapittel 7.	Delegering til Landbruk-, miljø og teknisk utval.....	s 10
Kapittel 8.	Delegering til andre	s 12
Kapittel 9.	Delegering til kommunedirektøren.....	s 13
Kapitel 10.	Delegering til ordførar.....	s 18

KAP. 1 GENERELLE FØRESEGNER OM DELEGERT AVGJERDSMAKT

§ 1 – 1 Retningslinjer for utøving av delegert avgjerds makt

Delegerta avgjerds makt skal nyttast i tråd med lov og retningslinjer gjeve av overordna organ, og innan budsjettet sine rammer og føresetnader. Delegert avgjerds makt kan delegerast vidare på same vilkår om ikkje anna er sagt i dette reglement eller fylgjer av lov. Kommunestyret delegerer til formannskap og hovudutval. Rådmannen si avgjerds makt er ein vidaredelegasjon frå vedkomande politiske organ.

§ 1 – 2 Attendekalling av fullmakter i enkeltsaker - omgjering av vedtak

Eit overordna organ, eller ordførar, kan krevje å få lagt fram ei sak som eit underordna organ har til handsaming i medhald av delegert avgjerds makt, og kan gjere om vedtak som er fatta med heimel i delegert mynde, men avgrensa av forvaltningslova § 35.

§ 1 – 3 Rett til ikkje å nytte delegert avgjerds makt i einskilde høve

Når særskilde grunnar ligg føre kan eit organ med avgjerds makt i ei sak, likevel velje å legge saka fram for overordna organ.

§ 1 – 4 Prøving av om eit vedtak er lovleg

Tre eller fleire medlemmer av kommunestyret kan saman bringe alle vedtak som kommunen gjer inn for departementet (ved fylkesmannen) til vurdering om vedtaket er lovleg. Dette gjeld ikkje tilsetting, oppseiing eller avskil – jf kommunelova § 27-1.

§ 1 – 5 Klagenemnd – (jf forvaltningslova kap VI)

Med mindre særlov fastset noko anna, er formannskapet klageinstans for enkeltvedtak gjort av hovudutval og rådmannen. Når formannskapet gjer enkeltvedtak som fyrste instans, handsamar kommunestyret ev klager. Medlemmer av formannskapet som var med på å handsame saka er då ugilde i kommunestyret.

§ 1 – 6 Klagehandsaming

Delegert mynde femner òg om mynde til å handsame klage som underinstans i medhald av forvaltningslova §33.

Klager på administrative vedtak skal fyrst handsamast av vedkomande hovudutval. Dette gjeld likevel ikkje for klager på enkeltvedtak etter barnehagelova, opplæringslova, pasient- og brukarrettslova, helse- og omsorgstenestelova, og sosialtenestelova der fylkesmannen er klageinstans.

Held hovudutval fast på det administrative vedtaket får klageinstansen klaga til endeleg handsaming.

Klagenemndi bør ikkje overprøve eit hovudutval sitt politiske skjønn når det ikkje er handla i strid med kommunestyret sine føresegner.

§ 1 – 7 Rapportering til overordna organ

Hovudutval avgjer om administrative enkeltvedtak skal vere referatsak i utvalet. Administrasjonen skal orientere hovudutval om klagesaker som er sendt Fylkesmannen.

Klagesaker som er avgjort av Fylkesmannen leggst fram for det politiske hovudutvalet med tanke på å vurdere om kommunen sine politiske retningsliner bør reviderast som fylgje av klagehandsaminga.

§ 1 – 8 Framgangsmåte for å avgjere om ei sak er prinsipiell

Prinsipielle saker kan ikkje delegerast til rådmannen – jf kommunelova § 13-1. Ved tvil tek hovudutval stilling til spørsmålet.

§ 1 – 9 Møte- og talerett for tilsette

Representantar for dei tilsette har møte- og talerett i hovudutvala i saker som gjeld dei tilsette – jf kommunelova § 13-4.

§ 1 – 10 Revisjon av delegeringsreglementet

Delegeringsreglementet skal leggst fram til vurdering for dei politiske organa i løpet av fyrste halvår i kvar kommunestyreperiode.

KAP. 2 KOMMUNESTYRET SI AVGJERDSMAKT

§ 2 – 1 Innleiing

Kommunestyret tek avgjer på vegne av kommunen i alle saker når ikkje anna fylgjer av lov eller delegeringsvedtak – jf dette reglement og eventuelle særskilte vedtak om delegering i kvart høve.

§ 2 – 2 Kommunestyret si avgjerdsmyndighet direkte etter kommunelova (kl)

Kommunestyret sjølv skal ta avgjerd i fylgjande saker:

1. Endring av medlemstalet i kommunestyret (kl § 5-5).
2. Val av formannskap, samt delegering til formannskapet (kl § 5-5).
3. Val av ordførar og varaordførar, samt delegering til ordførar (kl §§ 6-1 og 6-2).
4. Skiping, nedlegging og omorganisering av faste utval og komitear, samt val av medlemmer, leiar og nestleiar av desse organ (kl § 5-7).
5. Delegering til faste utval og komitear (kl § 5-7).
6. Opprette styre for kommunale verksemder (kl § 5-10).
7. Delegere avgjerdsmyndighet i hastesaker (kl § 11-8).
8. Tilsetjing av rådmann (Kommunedirektør, kl § 13-1).
9. Val av arbeidsgjevar sine medlemmer av administrasjonsutvalet samt leiar og nestleiar (kl § 5-11).
10. Ev retningslinjer for dei tilsette sin møterett i kommunale organ (kl § 13-4).
11. Fullmakt til å inngå og sei opp tariffavtale, samt å gje eller motta kollektiv oppseiing av arbeid (kl § 5-15).
12. Reglement for saksførehavinga i kommunale organ (kl § 11-12).
13. Reglement for folkevalde sine rettar til innsyn i saksdokument og saker som er under handsaming (kl § 11-13).
14. Reglement for dekning av folkevalde sine utgifter, økonomiske tap, godtgjersle for utføring av verv samt pensjonsordning for kommunale tillitsvalde (ordførar) (kl kapittel 8).
15. Overordna økonomistyring og økonomiforvaltning (kl kapittel 14).

§ 2 – 3 Andre saker som kommunestyret skal ta avgjerd i.

1. Skiping av nye og nedlegging av eksisterande kommunale tenestetilbod.
2. Opprette og legge ned faste stillingar.
3. Hovudtrekk i den administrative organisasjonen – etatsstrukturen.
4. Utbyggingsoppgåver og andre overordna planar og tiltak.
5. Overordna personalpolitiske retningslinjer.
6. Kommunestyret er klageinstans for vedtak i administrasjonsutval og formannskap.

§ 2 - 4 Saker etter plan- og bygningslova.

Kommunestyret sjølv avgjer fylgjande saker (lista er ikkje uttømande):

- § 3-3 Ansvar og leiing av arbeidet med kommuneplanleggjing og reguleringsaker.
- § 10-1: Vedta kommunal planstrategi i løpet av fyrste året etter konstituering.
- § 11/12 Vedta kommuneplan, kommunedelplanar og reguleringsplanar.
- § 33-1: Vedta regulativ for gebyr ved handsaming av private reguleringsplanar, delingssøknader, byggeløyve, kontroll, stadfestingar m.m.

§ 2 - 5 Saker etter alkohollova.

Kommunestyret vedtek rusmiddelpolitisk handlingsplan, jf Alkohollova av 2. juni 1989 nr 27, § 1-7d.

§ 2 – 6 Andre saker etter særlov som kommunestyret gjer vedtak i.

Lov av 26. mars 1999 nr 14. Skattelova.

Vedtak om skattesatsar for inntekt - jf § 15-3.

Lov av 10. juni 1977 nr 82 om motorferdsel i utmark.

Vedtak om kommunal føresegn til lova - jf § 5.

Lov av 21. juni 1963 nr 23. Veglova.

Vedtak om å byggje, taka opp eller å leggje ned kommunal veg - jf §§ 5-7.

Lov av 6. juni 1975 nr 29 om eigedomsskatt til kommunane.

Vedtak om å skrive ut eigedomsskatt - jf § 2.

Lov av 17. juni 2005 nr 101 om eigedsregistrering (matrikkellova).

Vedtak om gebyr for kart- og delingsforretning – jf § 32.

KAP. 3 DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

§ 3 - 1 Formannskapet si avgjerdsmynde i medhald av kommunelova.

1. Formannskapet legg fram innstilling til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak - jf kl § 14-3.
2. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere vedtak i medhald av kommunelova § 11-8 (hasteparagrafen) i alle saker som skulle vore avgjort av eit anna organ når det ikkje er tid til å samankalle det organ som etter lov eller reglementet her skulle ha avgjort saka.
3. Formannskapet er fondsstyre for kommunalt næringsfond, og kan løyve inntil kr 200 000,- per sak. Nærare reglar for fondsstyret si mynde gjeng fram av vedtektene for næringsfondet.

§ 3 - 2 Delegering til formannskapet i budsjett- og økonomisaker

Formannskapet sine fullmakter i budsjettsaker gjeng fram av gjeldande økonomireglement.

Formannskapet kan løyve inntil kr 800 000,- frå disposisjonsfondet i løpet av budsjettåret til føremål som er i kommunens interesse, og så langt lov og forskrift og kommunens økonomi- og finansreglement gjev høve til.

For kvar enkelt sak kan det løyvast inntil kr 150 000,-.

Det kan ikkje løyvast både frå næringskontoen og frå disposisjonsfondet til same sak.

§ 3 - 3 Delegering til formannskapet etter særlov

Lov av 27. juni 2008 nr 71. Plan og bygningslova.

Plandelen av pbl (§ 3 – §14) ligg til formannskapet, medan byggjesaksdelen av pbl (§ 20 – § 32) høyrer under Landbruk,- miljø og teknisk utval (LMT). Formannskapet tek i vare kommunen sitt ansvar og delegerast mynde for plandelen så langt lova tillet – jf kva for saker kommunestyret sjølv må gjera vedtak i.

Lov av 12. mai 1995 nr 23 om jord (jordlova).

Saker der det skal gjerast vedtak både etter jordlova og plan- og bygningslova skal fyrst handsamast i formannskapet som er planutval for vedtak etter plan- og bygningslova.

Deretter skal saka handsamast av hovudutval for Landbruk, miljø og teknisk for vedtak etter jordlova.

Lov av 19.juni 2009 nr 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldslova)

Formannskapet gjer vedtak på vegne av kommunen som ikkje er delegert til kommunedirektøren (prinsipielle saker).

KAP. 4 DELEGERING TIL ADMINISTRASJONSUTVALET

§ 4 - 1 Delegering til KS

KS vert gjeven fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtaler, samt gje og ta imot kollektiv arbeidsoppseiing på vegne av kommunen, jf kommunelova § 5-15.

§ 4 - 2 Delegering til Administrasjonsutvalet i medhald av kommunelova

Administrasjonsutvalet handsamar saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette (kl. § 5-11), – jf Hovudavtala del B § 4.

§ 4 - 3 Tilsetjing, løns- og arbeidsvilkår.

Administrasjonsutvalet innstiller ved tilsetjing av kommunedirektør.

Arbeidsgjevar sine medlemmer av administrasjonsutvalet fastset kommunedirektørens løns- og arbeidsvilkår.

KAP. 5 DELEGERING TIL OPPVEKST-, KULTUR OG IDRETTSUTVALET (OKI)

§ 5 - 1 Delegering til OKI-utvalet i medhald av kommunelova

OKI har fullmakt til å ta avgjerd i alle saker som gjeld utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde, og som det etter nemnde lov er høve til å delegere til utval. Dette femner også om mindre endringar av dei ulike vedtekter som gjeld for sektoren.

Generelle føresegner og retningsliner som kan få verknad for fleire sektorar i kommunen eller saker som krev samordna handsaming, avgjerast av kommunestyret.

§ 5 - 2 Delegering til OKI-utvalet i budsjettsaker

Utvalet sine fullmakter i budsjettsaker gjeng fram av det til ei kvar tid gjeldande økonomireglement.

§ 5 - 3 Delegering til utvalet medhald av særlov

Lov av 17. juli 1998 nr 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæring:

1. Utvalet forvaltar det politiske ansvaret for ordninga med fritt skuleval i kommunen.
2. Utvalet kan etter søknad frå føresette føre elevar over til skulekrins i annan kommune.
3. Utvalet nemner opp kommunen sin representant i samarbeidsutvali, jf § 11-1.

Lov av 17. juni 2005 nr 64 om barnehagar med føresegner:

OKI godkjenner barnehagar, jf § 10 i lova.

Lov av 4. juli 2003 nr 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarak

OKI-utvalet tek i vare kommunen sine oppgåver etter §§ 17 - 19 om innvandrarak sin rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Forskrift av 11. des 1992 nr 1056, om fordeling av idrettens lut av overskotet til Norsk Tipping AS.

OKI-utvalet prioriterar søknader om spelemiddeltilskot for idrettsanlegg.

Lov av 20. des 1985 nr 108 om folkebibliotek.

OKI-utvalet tek i vare kommunen sine oppgåver etter lova.

Lov av 29. juni 2007 nr 89 om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd:

OKI-utvalet tek i vare kommunen sine oppgåver etter lova.

§ 5 - 4 Delegering til samarbeidsutval i medhald av særlov

Lov av 17. juli 1998 nr 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæring:

Samarbeidsutval vedtek samansetting av skulemiljøutval jf § 11-1a.

KAP. 6 DELEGERING TIL HELSE- OG SOSIALUTVALET (HSU).

§ 6 - 1 Delegering til Helse- og sosialutvalet medhald i av kommunelova

Utvalet har fullmakt til å gjera vedtak i saker som gjeld utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde, og som det etter nemnde lov er høve til å delegere til utval. Generelle føresegner og retningsliner som kan få verknad for fleire sektorar i kommunen eller saker som krev samordna handsaming, avgjerast av kommunestyret.

§ 6 - 2 Delegering til Helse- og sosialutvalet i budsjettsaker

Utvalet sine fullmakter i budsjettsaker gjeng fram av det til ei kvar tid gjeldande økonomireglement.

§ 6 - 3 Delegering til Helse- og sosialutvalet i medhald av særlov

Lov av 24. juni 2011 nr 30. Helse- og omsorgstenestlova.

Utvalet fører tilsyn med at kommunen sitt ansvar i medhald av lova vert teke i vare.

Lov av 17. juli 1992 nr 100 om barnevernteneste.

Utvalet har på vegne av kommunestyret politisk ansvar for barnevernstenesta i kommunen.

Lov av 18. des 2009 nr 131 om sosiale tenestar i arbeids- og velferdsforvaltninga.
Utvalet tek i vare det ansvar kommunen har i medhald av lova.

Lov av 5. aug 1994 nr 55. Smittevernlova.

Utvalet tek seg av kommunen sine oppgaver i medhald av lova § 7-1.

Lov av 2. juni 1989 nr 27. Alkohollova.

Utvalet tek seg av dei oppgåver i medhald av lova som ikkje kommunestyret sjølv gjer vedtak i.
Dette femner om mynde til å godkjenne sals- og skjenkeløyve i medhald av § 1-7.

Lov av 9. mars 1973 nr 14 om vern mot tobakkskader m.v.

Utvalet ivaretek kommunen sitt ansvar i medhald av lova, jf forskrift om røyking på restaurantar og andre serveringsstader, internkontroll m.v.

Lov av 24. juni 2011 nr 29. Folkehelselova.

Utvalet tek seg av kommunen sine oppgaver i medhald av lova.

KAP. 7. DELEGERING TIL LANDBRUK,- MILJØ OG TEKNISK UTVAL (LMT)

§ 7 - 1 Delegering til LMT-utvalet i medhald av kommunelova

Utvalet har fullmakt til å gjera vedtak i saker som gjeld utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde, og som det etter nemnde lov er høve til å delegere til utval. Generelle føresegner og retningsliner som kan få verknad for fleire sektorar i kommunen eller saker som krev samordna handsaming, avgjerast av kommunestyret.

§ 7 - 2 Delegering til LMT-utvalet i budsjettsaker

Utvalet sine fullmakter i budsjettsaker gjeng fram av det til ei kvar tid gjeldande økonomireglement.

§ 7 - 3 Delegering til LMT-utvalet i medhald av særlov

Lov av 27.juni 2008 nr.71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

Byggjesaksdelen av pbl (§ 20 – § 34) høyrer under LMT, medan plandelen av pbl (§ 3 – §19), ligg til formannskapet.

Referatsakene frå dei delar av bygningsdelen som er delegert vidare til kommunedirektøren leggst fram for LMT-utvalet til orientering.

Lov av 21. juni 1963 nr 23. Veglova.

Mynda kommunen har som vegstyresmakt - jf § 9, 3. ledd vert delegera til utvalet.

Lov av 18. mai 1990 nr 11. Stadnamnlova.

Mynda kommunen har etter lova vert delegert LMT-utvalet.

Lov av 13. mars 1981 nr 6 om vern mot forureining og om avfall.

Utvalet delegerast mynde til å ta i vare det ansvar og dei oppgåver kommunestyret har etter lova, og til å gjere enkeltvedtak etter lova eller etter føresegner gjevne i medhald av lova, jf §§ 81 og 83.

Lov av 14. juni 2002 nr 20 om brann og eksplosjonsvern.

Utvalet handsamar saker i medhald av lova.

Lov av 17. juni 2005 nr 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova).

Utvalet handsamar saker i medhald av lova.

Lov av 28. nov 2003 nr 98. Konesjonslova.

Utvalet tek stilling til søknader om konsesjon.

Forskrift av 12. aug 2003 nr 1479 om overføring av mynde til kommunen m.fl. etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova.

Mynda etter forskriften delegerast til LMT-utvalet.

Lov av 28. juni 1957 nr 16 om friluftslivet.

LMT-utvalet delegerast mynde som kommunen sitt friluftorgan, jf §§ 21 og 22.

Lov av 10. juni 1977 nr 82 om motorisert ferdsel i utmark.

LMT-utvalet tek i vare kommunen sine oppgaver etter lova.

Lov av 12. mai 1995 nr 23 om jord (jordlova).

LMT-utvalet tek i vare kommunen sine oppgaver etter lova.

Lov av 27. mai 2005 nr 31 om skogbruk.

LMT-utvalet tek i vare kommunen sine oppgaver etter lova.

Lov av 15. mai 1992 nr 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v.

LMT-utvalet tek i vare kommunen sine oppgaver etter lova.

Lov om jakt og fangst av vilt av 2.april 1982 med forskrifter

LMT-utvalet tek i vare kommunen sitt ansvar og oppgaver etter viltlova.

Lov av 6. juni 1975 nr 29 om eidegdomsskatt til kommunane

LMT-utvalet er kommunal klagenemnd etter lova (overskattetakstnemnd) – jf kap 6 i lova.

KAP. 8 DELEGERING TIL ANDRE

§ 8 - 1 Delegering til Valstyret

Lov av 28. juni 2002 nr 57. Vallova.

Valstyret har fullmakt til å velje medlemmer og varamedlemmer, samt leiar og nestleiar i røystestyra.

§ 8 - 3 Delegering til Takstutvalet

Lov av 6. juni 1975 nr 29 om eigedomsskatt til kommunane.

Takstutvalet fastset eigedomsskatt for nye skatteobjekt i medhald av lov av 6. juni 1975 nr 29 om eigedomsskatt til kommunane.

§ 8 - 4 Delegering til Kviteseid kommune i vertskommunesamarbeid

Lov av 17 juli 1992 nr. Lov om barneverntjenester

Tokke kommunestyre delegerar sitt mynde etter barnevernlova til Kviteseid kommune. Kviteseid kommune er vertskommune for barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark.

§ 8 – 5 Delegering til Vest-Telemark Brannvesen IKS

Lov av 14.juni 2002 nr.20 Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver

Tokke kommunestyre delegerar sitt mynde etter Brann- og eksplosjonsvernlova til leiar av Vest-Telemark Brannvesen IKS.

§ 8 - 6 Delegering til Vest-Telemark PPT IKS

Lov av 17.juli 1998 nr.61 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa

Tokke kommunestyre delegerar sitt mynde etter Opplæringslova til representantskapet, styret og til dagleg leiar i Vest-Telemark PPT IKS.

§ 8 – 7 Delegering til Renovest IKS

Lov av 13.mars 1981, Lov om vern mot forurensninger og om avfall

Tokke kommunestyre delegerar sitt mynde etter Forurensingsloven § 30 (innsamling av husavfall) til Renovest IKS. Sjå og § 83 om kommunens rett til å delegere enkeltvedtak til interkommunale selskap.

KAP. 9 DELEGERING TIL KOMMUNEDIREKTØREN

Generelt

Kommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker og driftssaker som ikkje er lagt til anna organ og som ikkje er prinsipielle, så langt lover og føresegner gjev høve til.

§ 9 - 1 Delegering til kommunedirektøren i medhald av kommunelova kapittel 13

Kommunedirektøren innstiller for formannskapet, administrasjonsutvalet og hovudutval.

Det same gjeld saker som gjeng direkte i kommunestyret.

Kommunedirektøren tilvisar godtgjersle og økonomisk kompensasjon til kommunale folkevalde i tråd med: «*Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og permisjon, Tokke kommune, Telemark*».

Kommunedirektøren har fullmakt til å gjere vedtak i alle saker som det etter nemnde lov er høve til å delegerer til kommunedirektøren, millom anna:

1. Godkjenne og underteikne låneavtaler når det ligg føre vedtak om slikt låneopptak i kommunestyret.
2. Utleige av kommunale tenestebustader på vilkår fastsett av kommunestyret.
2. Fråfalle pant eller prioritet i mindre parsellar når det ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.
3. Fordele stønad til politiske parti etter reglar fastsett av departementet.

§ 9 - 2 Delegering til kommunedirektøren i budsjettsaker

Kommunedirektøren sine fullmakter i budsjettsaker gjeng fram av det til ei kvar tid gjeldande økonomireglement.

Kommunedirektøren har tilvisingsfullmakt for alle budsjettkapittel.

Ordførar tilviser når kommunedirektøren er ugild.

§ 9 - 3 Delegering til kommunedirektøren innan Formannskapet sitt ansvarsområde

Lov av 20. mai 2005 nr 28. Straffelova

Fullmakt til å krevje påtale for straffbare handlingar delegerast til kommunedirektøren.

Lov av 27. juni 2008 nr 71. Plan og bygningslova

Kommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak i medhald av lova i saker som ikkje er prinsipielle, og som det etter lova er høve til å delegerer til administrasjonen.

§ 9 - 4 Delegering til kommunedirektøren innan Administrasjonsutvalet sitt ansvarsområde

Det skal vera eit partssamansett tilsetjingsutval i kommunen.

Kommunedirektøren har fullmakt til å gje attendemelding på utavrøysting i tariffoppgjer og avtaler inngått mellom partane sentralt.

Kommunedirektøren har fullmakt til å godkjenne resultat frå lokale tingingar etter HTA (hovdutariffavtala).

Delegering i medhald av kommunelova av 25. september 1992.

Kommunedirektøren har ansvar for den daglege personalforvaltning, og til å gjera vedtak i alle personalsaker - jf kommunelova kapittel 13.

Årsbudsjett og gjeldande personalpolitiske reglement og retningslinjer er ramme for kommunedirektøren sitt handlingsrom i den løpande personalforvaltning.

Saker med vesentlege økonomiske utgifter for kommunen ut over budsjettåret - som til dømes å opprette nye stillingar, skal leggest fram for administrasjonsutvalet.

§ 9 – 5 Delegering til kommunedirektøren innan Oppvekst,- kultur og idrettsutvalet (OKI) sitt ansvarsområde

Kommunedirektøren kan gje løyve til utleige og utlån av skulebygg til andre føremål enn undervisning.

Lov av 17. juli 1998 nr 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæring:

Kommunedirektøren har mynde til å avgjere saker som ikkje er prinsipielle. Dette femner om godkjenning av søknadar om å få gå på annan skule enn nærskulen – jf ordninga med fritt skuleval, og vedtak om ordensreglement for skulen etter reglane i § 2-9 og § 2-10.

Lov av 17. juni 2005 nr 64 om barnehagar med føresegner:

Kommunedirektøren har mynde til å avgjere saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 4. juli 2003 nr 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarak

Kommunedirektøren har mynde til å avgjere saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 29. juni 2007 nr 89 om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd:

Kommunedirektøren kan innvilge søknader om støtte til lag, foreiningar og anna kulturverksemd etter retningslinjer gjeve av OKI.

§ 9 – 6 Delegering til kommunedirektøren innan Helse- og sosialutvalet (HSU) sitt ansvarsområde

Lov av 18. des 2009 nr 131 om sosiale tenestar i arbeids- og velferdsforvaltninga

Kommunedirektøren har fullmakt til å tildele bustader til vanskelegstilte, jf § 15.

Kommunedirektøren har fullmakt til å tildele fylgjande kommunale særtytingar når desse er tilgjengelege: stønad til tannbehandling, anna hjelpeverksemd som har til føremål å gje hjelp til heimar som er i ein vanskeleg situasjon samt dispensere frå reglane om eigenbetaling - i høve der det verkar urimeleg, eller gjev utilsikta verknader for brukaren eller behandlinga.

Lov av 24. juni 2011 nr 29. Folkehelselova

Kommunedirektøren har dagleg ansvar for folkehelsearbeidet og til å gjera vedtak i medhald av lova så langt lova tillet.

Lov av 24. juni 2011 nr 30. Helse- og omsorgstenestelova

Kommunedirektøren har dagleg ansvar for helse og omsorgstenestane i kommunen og til å gjera vedtak i medhald av lova så langt lova tillet.

Forskrift av 15. mars 1994 om parkering for forflytningshemma

Kommunedirektøren har fullmakt til å gjera vedtak i samsvar med forskrifta.

Lov av 5. aug 1994 nr 55 om smittevern.

Kommunedirektøren peikar ut kven som til ei kvar tid er smittevernlege og som tek seg av kommunen sine oppgaver i medhald av lova § 7-2.

Lov av 2. juni 1989 nr 27. Alkohollova.

Kommunedirektøren har fullmakt til å:

1. Godkjenne søknadar om skjenkeløyve for enkelt høve – jf § 1-6, samt fastsetje vilkår i medhald av § 4-3, samt godkjenne skjenkestyrar til dette.
2. Gje løyve til utvida skjenketid i enkelt høve, jf § 4-4, 3.ledd.
3. Fastsetje det årlege gebyr for løyve til sal og skjenking av alkoholhaldig drykk i medhald av alkoholforskriften § 6-2.
4. Gje løyve til sal av alkoholhaldig drykk jf § 1-6, 2.ledd, for eit enkelt høve.
5. Gje løyve til skjenking utanfor skjenkelokalet for eit enkelt høve, jf § 4-2, 4.ledd.
6. Godkjenne ny løyvehavar ved utsalstad for alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol i løyveperioden, jf § 1-7c.
7. Godkjenne ny løyvehavar, skjenkestyrar og stedfortredar for same skjenkelokale i løyveperioden, jf § 1-7c.

§ 9 – 7 Delegering til kommunedirektøren innan Landbruk,- miljø og teknisk utval sitt ansvarsområde

Delegering i medhald av kommunelova.

Kommunedirektøren har fullmakt til å:

1. Etter søknad gje tilskot til vedlikehald av private vegar på vilkår fastsett av kommunestyret.
2. Avgjere søknader om tilskot til nye drikkevassanlegg på vilkår fastsett av kommunestyret.
3. Avgjere søknader om tilskot til private kloakkanlegg på vilkår fastsett av kommunestyret.
4. Avgjere søknadar om tilskot til privat husbygging og restaurering på vilkår fastsett av kommunestyret.
5. Selje bustadtomter i kommunale bustadfelt samt feste bort og selje hyttetomter.
6. Ta avgjerd i saker som gjeld mellombels bruk av kommunal eigedom og grunn til utstillingsplass, parkeringsplass, hogging av ved, rydding m.v.
7. Forvalte kommunalt eigde utmarkseigedomar og ressursar, på vilkår fastsett av kommunestyret.

Lov av 16. juni 1961 nr 15 om rettshøve mellom grannar.

Kommunedirektøren har fullmakt til å opptre på vegne av kommunen i grannetilhøve.

Lov av 21. juni 1963 nr 23. Veglova.

Mynda som vegstyresmakt etter § 9, 3. ledd vert lagt til rådmannen i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 18. juni 1965 nr 4. Vegtrafikklova med føresegner.

Fullmakt til å gjere vedtak etter § 7 om trafikkforbod m.m. vert lagt til rådmannen i saker som ikkje er prinsipielle.

Mynde som skiltmakt og mynde til å gje fråsegn i medhald av FOR 2005-10-07, nr 1219 om offentlege trafikkskilt, vert delegera til kommunedirektøren.

Lov av 13. mars 1981 nr 6. Forureiningslova med føresegner.

Kommunedirektøren vert med heimel i § 83 delegera mynde til å gjere enkeltvedtak i dei høve som er omhandla i §§ 22, 23, 24 og 26, 5. ledd.

Kommunedirektøren kan etter søknad unnta eigedomar frå renovasjonsordninga – jf § 30, 2. ledd.

Mynda kommunen har til å gjere vedtak etter Forureiningsforskrifta (FOR 2004-06-01, nr 931) vert lagt til kommunedirektøren.

Lov av 17. juni 2005 nr 101 om eigedomsregistrering (matrikkelova).

Kommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak i medhald av lova i saker som ikkje er prinsipielle, og som det etter lova er høve til å delegerer til administrasjonen.

Kommunedirektøren eller den han gjev fullmakt, møter på vegne av kommunen ved kart og delingsforretningar.

Lov av 23.mai 1997 nr 31 om eigarseksjonar (eierseksjonsloven).

Kommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak i medhald av lova.

Lov av 14. juni 2002 nr 20 om brann og eksplosjonsvern.

Mynda som kommunen har i medhald av lova vert lagt til kommunedirektøren i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 10. juni 1977 nr 82 om motorisert ferdsel i utmark.

Fullmakt til å avgjere søknader om løyve til bruk av snoskuter i samsvar med vilkår fastsett av kommunestyret eller LMT vert lagt til kommunedirektøren.
Fullmakt til å gjere vedtak i enkelt høve om anna bruk av motorkøyrety - jf § 6, vert lagt til kommunedirektøren.

Lov om jakt og fangst av vilt av 2.april 1982 med forskrifter

Kommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak på vegne av kommunen i saker etter viltlova med forskrifter.
Dette gjeld ikkje overordna mål for hjorteviltforvaltninga - jf hjorteviltforskrifta §3.

Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19.juni 2009, naturmangfaldslova

Kommunedirektøren har mynde til å gje løyve til uttak av hjortevilt og bever for å avverge skade etter § 18 fyrste ledd bokstav b, samt til å fjerne beverbustad eller dam for å hindre vesentleg skade.

Lov av 28. nov 2003 nr 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom.

Kommunen si mynde i medhald av lova vert lagt til kommunedirektøren i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 12. mai 1995 nr 23 om jord (jordlova).

Kommunen si mynde i medhald av lova vert lagt til kommunedirektøren i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 27.mai 2005 nr 31 om skogbruk.

Kommunen si mynde som skogoppsyn til å gjere vedtak og innstille til fylkeskommunale og statlege organ, vert lagt til kommunedirektøren i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 15. mai 1992 nr 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v.

Kommunen si mynde til å gjere vedtak i medhald av lova vert lagt til kommunedirektøren i saker som ikkje er prinsipielle.

Forskrift av 4. juli 2003 nr 951 om gjødselvarer m.v. av organisk opphav.

Kommunen si mynde til å føre tilsyn og gjere vedtak i medhald av forskrifta vert lagt til kommunedirektøren i saker som ikkje er prinsipielle.

Lov av 28. juni 1957 nr 16 om friluftslivet.

Kommunen si mynde i medhald av lova vert lagt til kommunedirektøren i saker som ikkje er prinsipielle.

Forskrift av 12. aug 2003 nr 1479 om å overføre mynde til kommunen m.fl. etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova.

Kommunedirektøren har fullmakt til å avgjere søknader etter § 1 i forskrifta som ikkje er prinsipielle.

Lov av 13. juni 1997 nr 55 - Serveringslova.

Kommunedirektøren har fullmakt til å godkjenne søknader om serveringsløyve, jf § 3.

KAP. 10 DELEGERING TIL ORDFØRAR

Ordføraren har mynde til å representere kommunen i dei selskap Tokke kommune har aksjar.

Ordføraren kan i det enkelte høve delegere mynda si til andre. Slik delegering skal vera skriftleg.